

Vår sakshandsamar:  
Tor Arne Ness

Dato:  
15. oktober 2020

Vår referanse: Fylkeskommunen  
Dykkar referanse: ViteMeir

Vestland fylkeskommune

## **TODELT SØKNAD FRÅ «VITE MEIR»**

- 1. Eingongstilskott til installasjonar**
- 2. Årleg driftstilskott**

Vi viser til vår søknad 16. mai 2020 til Vestland fylkesting (vedlagt). I møte 2. oktober 2020 med Bård Sandal og Jan Heggheim var det semje om at vi skulle sende ein ny, justert og utvida søknad.

### **Orientering om status**

Søknaden frå 16. mai 2020 hadde ei statusoppdatering om byggeprosjektet. Den orienterte òg om at Forskingsrådet råde til eit statleg driftstilskott under Vitensenterprogrammet på 6,9 MNOK alt i 2021.

Det går fram av tilrådinga frå rådet at prosjektet stettar kriteria for eit regionalt vitensenter. Rådet legg i si tilråding særskilt vekt på den geografiske plasseringa, den særskilte lokale forankringa, den solid økonomien og dei særskilte gode planane for pedagogisk opplegg.

Bygginga er no i gang, Vestland fylkeskommunen er byggherre. Opning er noko utsett, til seint hausten 2021.



*Bilde: Sogndal VGS og ViteMeir. Byggherre Vestland fylkeskommune. Entreprenør Åsen & Øvrelid AS.*

## Statstilskott

Trass den positive tilrådinga vart det ikkje løyving i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2021. Det vert no arbeidd aktivt for å endre dette i den politiske prosessen fram mot budsjettvedtaket i desember, jf. vedlagt vårt brev til Utdannings- og forskingskomiteen 8. oktober 2020.

Som det går fram av brevet har «ViteMeir» ved fleire høve fått positiv omtale i komitémerknadar i Stortinget.

Saman med den sterke tilrådinga frå Forskingsrådet er det difor god grunn til å tru at statstilskottet vil vere på plass i andre halvår 2021.

Eit alternativ er sjølvstøtt at løyvinga fyrst kjem i revidert budsjett i mai 2021.

## Todelt søknad til Vestland fylkeskommune

Søknaden vår til Vestland fylkeskommune no, er todelt:

- Den eine delen skal gå til innhaldsutvikling i tråd med søknaden i frå 16. mai (som diverre ikkje vart handsama av fylkestinget). Dette gjeld ein eingongssum og skal gå til å ferdigstille installasjonane.
- Den andre delen gjeld ei årleg driftstilskott for å bringe det skuleeigarbidraget til «ViteMeir» i samsvar med dei statlege retningslinene i Vitensenterprogrammet og opp mot det nivå som «VilVite» i Bergen har.

## Innhaldsutvikling - Eingongstilskott til installasjonar

Romprogrammet er definert, og vi har ein masterplan for utstillingane/-installasjonane. Høgskulen på Vestlandet har medverka tungt den pedagogiske utviklinga.


Ein god innhaldsutvikling er heilt avgjerande for dei pedagogiske løysingane og eit kritisk suksesskriterium for drifta. Her er det eit uløyst finansieringsbehov som korkje vert dekkja av byggeprosjektet eller over drifta.

Målet vårt er no å samle inn opp mot 21 MNOK til dette sentrale føremålet, i form av eingongstilskott og gåver frå ulike kjelder som sparebankstiftingane o.l. Pengane skal ikkje gå til drift eller bygget, men er øyremerkte til å utvikle, produsere og kjøpe inn dei pedagogiske installasjonane/utstillingane til senteret no før opninga.

Eit døme her er vasskraftinstallasjonen vår. Den er kostnadsrekna til 2,5 MNOK og er delfinansiert av kraftbransjen.

Bankstiftingane er inne med fleire millionar og det vert søkt om meir fram mot opninga.

Så langt har vi sikra 10 MNOK i slike tilskot/gåver<sup>1</sup>. Kostnadsestimatet til utstillingsarkitektane for ei komplett løysing er over 21 MNOK. Minimumsbehovet vårt er 16-18 MNOK, så vi manglar minst 6-8 MNOK for å ha senteret rusta til opning.



<sup>1</sup> Sparebankstiftinga SF 2MNOK, Agenda Vestland 2MNOK, Gjensidige 1MNOK, Sogndal komm. 3MNOK, SF Fylkeskommune 2MNOK

## Driftstilskott/bruksavtale

I dag har «ViteMeir» ein *bruksavtale* på kr 500.000 årleg vedteke av fylkestinget i Sogn og Fjordane i 2019.

Den tilrådde statlege stønaden 6,9 NMOK er avgrensa til 35 % av driftskostnadane til senteret. Retningslinene i programmet føreset samstundes at minimum 20 % av driftskostnadane kjem frå dei andre skuleeigarane (kommune/fylkeskommune)

Det er så langt teikna 3-årige rammeavtalar med:

- Kommunane på kr 1.790.000<sup>2</sup>.
- Fylkeskommunen på kr 500.000.

Budsjetterte driftskostnader er på 15,9 MNOK. Skuleeigarandelen så langt er berre på 15%, det manglar ca 1 MNOK for å tilfredsstille dette kriteriet. Den fylkeskommunale delen på kr 500.000 er knytt til bruksavtale og ikkje tilskott. Det er uvanleg at fylkeskommunane ikkje deltek med driftstilskott til vitensentera, men berre har eigarskap<sup>3</sup> og bruksavtale.

Vitensenteret Nordland i Mo i Rana er på lik line med ViteMeir under etablering, og fekk eksempelvis tilsagn på 7,5MNOK frå Nordland fylkeskommune til prosjektet.

«VilVite» i Bergen har – frå Hordaland fylkeskommune - ein avtale fordelt på bruksavtale og driftstilskott på til saman 3,5 NMOK.

Næringslivet er inne i drifta med omlag 2 MNOK i årleg sponsorbidrag frå 2021. Det er rekna med at det vil auke noko fram til opninga.

Vi vonar Vestland fylkeskommune no kan bidra med å:

- yte eit driftstilskott og
- løyse finansieringa av installasjonane

i «ViteMeir», og bidreg gjerne med ytterlegare informasjon om dette er ønskjeleg.

Med venleg helsing



Tor Arne Ness

Styreleiar

---

<sup>2</sup> Vertskommunen Sogndal kommune har kr 990.000 av dette.

<sup>3</sup> Vestland fylkeskommune er største eigar med 33,3 % eigarskap. Nest største eigar er Sogndal kommune med 18,6 %.